

Tiltaksstrategi for Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) og tiltak i beiteområde for Øystre Slidre kommune, 2024-2027

Vedtatt i Kommunestyre 25.04.2024



Foto: Tone Snorheim



Føringar for SMIL-ordninga

Nasjonalt miljøprogram omtalar tre nivå for ulike økonomiske verkemiddel i jordbruket:

- Nasjonalt nivå: areal- og kulturlandskapstilskot og tilskot til dyr på beite gjennom ordninga for produksjonstilskot
- Regionalt nivå: Regionalt miljøprogram (RMP)
- Lokalt nivå: Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

For å skape eit lokalt landbrukspolitisk engasjement fekk kommunane frå 1. januar 2004 overført vedtaksmynde for bruk av dei landbrukspolitiske verkemidla etter forskrift for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL). Det skal utarbeidast fireårige tiltaksstrategiar for bruk av SMIL-midlar i kommunen på bakgrunn av nasjonalt og regionalt miljøprogram.

Rammer

Desse rammene er lagt til grunn for utforming av tiltaksstrategi for SMIL-midlar i Øystre Slidre kommune:

- Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket.
- Rundskriv 2021/29 for SMIL
- Regionalt miljøprogram for jordbruket i Innlandet 2023-2026 - Beitebruksplan for Øystre Slidre 2021-2025

Prosess

Tiltaksstrategien skal utarbeidast i god dialog med næringsorganisasjonane.

Tiltaksstrategien er sendt på høyring til Statsforvaltaren Innlandet, Øystre Slidre Bondelag og Øystre Slidre Småbrukarlag.

Utfordringar, målsetjingar og tiltak

Formålet med SMIL-tilskot er å fremme natur- og kulturminneverdiar i jordbruket sitt kulturlandskap og redusere ureining frå jordbruket. Prosjekt og tiltak skal prioriterast ut frå lokale målsettingar og strategiar. SMIL-ordninga skal kunne ta omsyn til tiltak som fell utanfor dei andre tilskotsordningane eller stimulere til tiltak som har stor samfunnsnytte, men låg privatøkonomisk nytte.

SMIL-midlane kan nyttast til tiltak innanfor følgjande miljøtema: kulturlandskap, biologisk mangfold, kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv, avrenning til vatn, utslepp til luft og plantevern.

Kulturlandskap

Attgroing av beitemark og marginale areal er ei utfordring i kommunen. Det fører til tap av opent landskap med stor verdi for friluftsliv og turisme. Verdien som beiteareal går ned, noko som også er ein trugsel for biologisk mangfold.

Utfordringa er størst i stølsområda våre i tillegg til heimåsområda. Elles er også bratt areal, små teigar med dårleg arrondering, leigejord og areal med lang køyreavstand utsett. Ein viktig årsak er ekstensiv drift og endra bruk, i tillegg til klimaendringar.

MÅL:

- Ivaretaking av stølslandskapet i Øystre Slidre
- Fremme beitebruken i heimstølsområda
- Oppretthalde drift på alt jordbruksareal

TILTAK

- Tiltak i stølsområda skal ha høgast prioritet, der beitebruksretta tiltak blir veklagt.
- Tilskot til rydding og skjøtsel av gamal kulturmark for å få fram landskapet og restaurere beiteareal
- Tilskot til gjerding ved beiterestaurering i stølsområda
- Tilskot til gjerding av stølsvollar*
- Tilskot til kjøp klaver med GPS-teknologi (Nofence, Monil)

* Dette er tiltak som går utover det ein kan vente i samband med vanleg jordbruksdrift, jf. rundskriv 21/18 frå Landbruksdirektoratet, og skal stimulere til aktiv stølsdrift.

Biologisk mangfold

Slåttemarker og beiter trugast av attgroing. Dette kan vere areal med biologisk verdifulle plantar, og som representerer naturtypar kvalifisert til tilskot gjennom andre ordningar, til dømes regionalt miljøtilskot (RMP), om dei blir halde ved like.

MÅL:

- Ivareta utvalde naturtypar og biologisk verdifulle areal i jordbruket ut over det ein oppnår gjennom nasjonale og regionale ordningar.

TILTAK:

- Kartlegging og registrering, samt utarbeiding av skjøtselsplanar for biologisk mangfold

Kulturminne og Kulturmiljø

Mange kulturminne og kulturmiljø ligg i jordbrukslandskapet. Desse forfall ofte på grunn av manglande vedlikehald og skjøtsel fordi nytteverdien ofte blir rekna for å vere liten. Attgroing er også her eit typisk trekk. Dette gjeld spesielt gamle bygningar, som kan ha stor verneverdi, både arkitektonisk og kulturhistorisk, samt at dei er viktige som del av eit miljø og som kulturlandskapselement.

MÅL:

- Ivareta og synleggjere spor i landskapet etter jordbruksdrift og busetjing i tidlegare tider
- Bidra til å oppretthalde stølsdrift

TILTAK:

- Tilskot til restaurering og istandsetjing av verneverdige bygningar, setermiljø og kulturminne.

- Tilskot til tiltak for ivaretaking og tilgjengeleggjering av kulturminne, som til dømes jernvinnanlegg, gravminne, rydningsrøyser osv.
- Tilskot til mindre driftstiltak på setra for å oppretthalde drift.

Friluftsliv og tilgjengeleghet

Ope kulturlandskap i støls- og utmarksområda er ein viktig kvalitet for friluftslivet i kommunen. Endra bruk, beiteregimer og klima har medført attgroing, som er ein trugsel for denne kvaliteten. Store vidder blir lite tilgjengelege, og stigar er etter kvart tilgrodd. Dette gjeld også i ein del turistkonsentrerte område, som no er mindre brukt som beiteområde, men ligg i kulturlandskapsmiljø prega av tidlegare jordbruksdrift.

Det vil ofte vere vanskeleg å sjå dei direkte koplingane mellom slike tiltak, som grunneigar set i verk, og kommersielt utbytte, og derfor vil det ofte krevje høge tilskot for å skape nok interesse.

MÅL:

- Fremme allmenn tilgang til jordbruksområdet sitt kulturlandskap, men der landbruks- og beiteinteresser blir ivareteke
- Tilgang til kulturminne og opplevingskvalitetar i landskapet

TILTAK:

- Tilretteleggingstiltak for friluftsliv i kulturlandskapet
- Rydding av stigar

Avrenning til vatn

Jordbruk har ein påverknad på vasskvalitet, og i dei aktuelle tiltaksområda er det rekna at jordbruksområdet har ein *moderat* påverknad. Dette har delvis samanheng med husdyrhald og mellom anna bruk og lagring av husdyrgjødsel. Punktutslepp, som pressaft frå rundballar/silo, avrenning frå gjødselkjellarar/lager og haustspreiing av husdyrgjødsel representerer viktige miljøutfordringar. Avrenning frå husdyrgjødsel i utekveer og samleplassar for beitedyr må også nemnast med betydeleg miljørisiko. Manglande eller dårlig vedlikehald på hydrotekniske anlegg fører til auka risiko for erosjon og tap av næringsstoff.

MÅL:

- Redusere erosjon og avrenning av næringsstoff til vassdrag ut over det ein oppnår gjennom nasjonale og regionale ordningar

TILTAK:

- Tiltak som påverkar vasskvalitet, for eksempel tiltak for å etablere permanente kantsoner og fangdammar
- Tiltak ut over det som forventast gjennom vanleg jordbruksdrift for å redusere punktutslepp frå førlager.
- Tiltak ut over det som forventast gjennom vanleg jordbruksdrift for å redusere risiko for avrenning frå husdyrgjødsel i utekveer og samleplassar for beitedyr

Utslepp til luft

Grovfôrbasert husdyrproduksjon fører med seg utslepp av klimagassane metan og lystgass. Metan stammar vesentleg frå nedbryting av fôr i vomma, men også frå lagring og bruk av husdyrgjødselbruk. Lystgassen er i hovudsak ei følge av nitrogenbruk i gjødsel. Jordpakking og därleg drenering fører til auka risiko for tap av lystgass. Tap av ammoniakk er særleg knytt til lagring og bruk av husdyrgjødsel, og vil indirekte føre til klimaeffekt (lystgass).

MÅL:

- Redusere utslepp av ammoniakk og klimagassar

TILTAK:

- Tiltak der det er synleggjort at klimautslepp vil gå ned skal vurderast
- Eingongstilskot til etablering av dekke over eksisterande gjødsellager (av varig karakter, tilpassa det aktuelle lageret)

Plantevern

Grovfôrbasert arealbruk i kommunen fører til relativt sett lite bruk av plantevernmidlar. Alle føretak blir følgt opp i høve til krav om plantevernjournal, som i stor grad er knytt til ugraskamp og attlegg. Dette temaet må overvakast, men er ikkje rekna som ei stor utfordring i vår kommune. Omlegging til meir åkerbruk vil kunne endre dette.

TILTAK:

- Spesielle investeringstiltak som reduserer risiko for tap av plantevernmidlar, som for eksempel biobed ved påfyllingsplassar eller liknande.

Generelle prinsipp for tildeling og prioritering av midlar

- Den som eig eller leiger landbrukseigedom der det er tilskotsrettkomen jordbruksproduksjon kan søkje SMIL-tilskot.
- Planleggings- og kartleggingstiltak som fell innanfor føremåla, skal ha høg prioritet og utmåling.
- Tiltak som har eit kommersielt potensial skal ha høgare prioritet enn samanliknande tiltak utan.
- Eingongstiltak som kan utløyse RMP-tilskot til årleg skjøtsel skal ha spesielt høg prioritet.
- Tiltak som kan redusere ureining frå areal som har tilsig til vatn med moderat eller därlegare økologisk tilstand skal ha høgast prioritet.
- Nytteverdien for reiselivsproduktet i Øystre Slidre og Valdres i sin heilheit skal vurderast og vektleggast.

Prioritering av tilskot

Tilskot i stølsområda skal ha høgast prioritet, samt kulturlandskapstiltak som til dømes bruk av norefence, tilskot knytt til freda/verneverdigje bygg, og biologisk mangfald. Gjerdetilskot gjeld berre for tiltak i stølsområda.

Standard satsar for kostnadar og for utmåling av tilskot, fordelt på type tiltak

	Standardsatsar pr. eining u/moms	
	2020-2023	2024-2027
Eigeninnsats, kr pr. time	300,-	300,-
Skigard pr. meter ferdig oppsett	375,-	400,-
Hongard/Stakitt	200,-	
Nettinggjerde pr meter ferdig oppsett	100,-	120,-
Risknusing pr daa	550 – 850,-	750,-
Manuell rydding	850 – 1600,-	1250,-
Rydding av reksler og stigar, pr meter	3 - 12,-	
Maksimale tilskot (%) noverande og nye	2020-2023	2024-2026
Gjerding i stølsområde	50 %	50 %
Rydding av beite, manuelt	70 %	50 %
Rydding av reksler og stigar	70%	70%
Krattknusing	70%	70%
Planlegging (aktuelt ved fellestiltak)	90%	90 %
Rehabilitering av verneverdige bygg	70%	70 %
Biologisk mangfald (kartlegging, skjøtselsplan)	90%	90 %
Informasjon og tilrettelegging	70 %	70 %
Restaurering og kulturlandskap/kulturminne	70%	70 %
Kjøp av GPS-klavar (gjeld ikkje for drift og lisens)		70 %
<i>Hydrotekniske tiltak på jordbruksareal og i vassløp:</i>		
Opne avskjeringsgrøfter	35 %	35%
Grave opp gamle røyrgater til nye opne kanalar	35%	35%
Reparasjon og tetting av eldre røyrgater	35%	35%
Sikring av botn og sider i kanalar	35%	35%
<i>Bygningsmessige tiltak</i>		
Tiltak mot avrenning frå utekveer og samleplassar for beitedyr	50%	50%
Avrenning frå rundballar/rundballeplassar	70%	70%

Stølsområde		
Mindre investeringstiltak i tilknyting til aktiv stølsdrift	40%	40%
Mjølkerom, vatn, tilkomst mjølkebil og liknande	40%	40%

- Maksimalt tilskotsbeløp/bruk i løpet av 5 år er kr 250.000,-.
- Satsane er å sjå på som inntil satsar - gode prosjekt i stølsområda vil normalt få høgare tilskotsprosent enn likestilte prosjekt andre stader.
- Tilskotsprosenten på omsøkt tiltak reknast ut frå prioritet og søknadsmengde.

Vilkår

I samband med tildeling av midlar kan kommunen sette vilkår, til dømes med krav til beiting over ei viss tid ved tilskot til gjerding, at hus ikkje skal endrast i ei viss tid etter at prosjektet er avslutta, eller at søker forpliktar seg til eit regime for vedlikehald over ei viss tid.

Ved innkjøp av elektronisk overvakingsutstyr kan det gjevast tilskot med inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag. Dette gjelder for inntil 50 % av dyretal i beitelaget/besetningen. Ein kvar tids gjeldande beitebruksplan er førande for prioritering av tildeling av tilskot.

Standardvilkår:

- Krav til beiting ved gjerdetilskot: 5 år etter avslutta prosjekt
- Krav til at hus ikkje skal endrast : 8 år etter avslutta prosjekt
- Andre vilkår blir sett ut frå eit fagleg skjønn frå kommunen

Søknadsbehandling og søknadsfrist

Innkomne søknadar skal vurderast med utgangspunkt i føringar og prioriteringar innan dei ulike miljøtema i vedteken tiltaksstrategi.

Søknadsfrist:

Det blir lagt opp til ein søknadsfrist kvart år, rundt 1. juni. Det vil då vera mogleg å synfara og sakshandsame søknadane før sumarferien. Søknadsfrist og informasjon om ordninga skal kunngjerast kvart år. Søknadar levert innan fristen vil bli prioritert innanfor årets ramme.

Informasjon om ordninga:

Det skal lagast ei brosjyre over tilskotsordninga med tilhøyrande regelverk. Denne vil bli sendt ut til alle gardbrukarar og lagt ut på kommunen si heimeside. I tillegg blir tilskotsordninga gjort kjend ved annonsering i lokalpressa.

Krav til søknaden:

Søknadar skal leverast elektronisk på skjema utarbeidd av landbruksdirektoratet:
<https://www.altinn.no/skjemaoversikt/landbruksdirektoratet/tilskudd-til-spesielle-miljotiltak-ijordbruket-smil/>

Tiltaket skal beskrivast og dokumenterast, gjerne med bilete. Det skal ligge ved kostnadsoverslag for tiltaket, og det vil vere krav om utarbeidd kostnadsoverslag frå uavhengig entreprenør der det er relevant. Ein enkel finansieringsplan og andre relevante vedlegg (kart, teikningar, skisser m.m.) skal også ligge ved søknaden. Ved manglande dokumentasjon skal den innhentast før handsaming av saka.

Rapportering og utbetaling:

Arbeidsfristen vil vera inntil 3 år, og det kan etter søknad gjevast to års utsetting der behovet for dette er tilstrekkeleg grunngjeve.

For alle tiltak der ein ikkje opererer med faste einingsprisar bestemt av kommunen, skal ein legge fram rekneskap og kunne dokumentere utlegg og timeverk eigeninnsats ved føring av timelister. Ein skal også legge ved ein kort rapport om tiltaket, gjerne med bilete vedlagt.

For tiltak med kostnadar over 100 000 skal det ligge føre rekneskap revidert av regnskapskontor. For tiltak med tilskotssummar under 10 000 er det ikkje høve til delutbetalinger. For andre tiltak kan ein ha delutbetaling som i prosent er i samsvar med kor stor del av arbeidet som er utført.

Føringar for tilskot til tiltak i beiteområde

Rammer

Utforminga av strategien for tilskot til tiltak i beiteområde i Øystre Slidre kommune legg til grunn:

- Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder
- Rundskriv 2019/45
- Beitebruksplan for Øystre Slidre 2021-2025

Prosess

Tiltaksstrategien er sendt på høyring til Statsforvaltaren Innlandet, Øystre Slidre Bondelag og Øystre Slidre Småbrukarlag.

Mål

Ordninga skal bidra til å fremme god utnytting av beiteressursen i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremme fellestiltak i beiteområda.

Utfordringar

Effektiv beitebruk er utfordrande med omsyn på eit behov for tilrettelegging for god beiteskjøtsel og bruk av areal som balanserer ulike interesser. Styring av beitebruken gjennom etablering av anlegg og anna fasilitering skal legge til rette for og fremme god

beiteforvaltning. Beitenæringsa blir høgt prioritert, men det vil også bli lagt vekt på å stimulere til tiltak som kan redusere interessekonflikta kring arealbruken, herunder behov knytt til friluftsliv og turistnæring.

Prioritering av tilskot

Med gjeldande status og struktur i kommunen vil det for denne ordninga bli prioritert tilskot til registrerte organiserte beitelag.

Prosjekt og tiltak skal prioriterast ut frå lokale målsettingar og strategiar. Ordninga skal ta omsyn til tiltak som fell utanfor dei andre tilskotsordningane eller stimulere til tiltak som har stor nytte for beitenæringen.

Tilskot kan gjevast til investeringar i faste og mobile tiltak, der tiltak med høg prioritet er:

- Sperregjerder
- Sanke- og skilleanlegg
- Rydding/utbetring av driftevegar
- Elektronisk overvakingsutstyr
- Elektronisk gjerde (for eksempel av typen Nofence)

Prosjekt som inneber planlegging og tilrettelegging i utmarka for god og effektiv beitebruk skal vurderast for tilskot. Det blir lagt vekt på prioriteringar nedfelt i kommunen sin beitebruksplan.

Utmåling av tilskot

Det kan gjevast tilskot med inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag ved investeringstiltak.

Ved innkjøp av elektronisk overvakingsutstyr kan det gjevast tilskot med inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag. Dette gjelder for inntil 50 % av dyretal i beitelaget/besetningen.

For planleggings- og tilretteleggingsprosjekt kan det gjevast tilskot med inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag.

Eigeninnsats kan godkjennast med inntil kr 300,- per time.

Krav til søknaden

Søknad skal leverast på skjema fastsett av Landbruksdirektoratet:

<https://info.altinn.no/skjemaoversikt/landbruksdirektoratet/tilskudd-til-tiltak-i-beiteområder/>

Kommunen behandlar søknadar etter kvart som dei blir sendt inn.

Gjennomføring, rapportering og utbetaling

Frist for gjennomføring av tiltak er 3 år frå tilskot blir innvilga, med mindre kommunen har sett ein kortare frist i behandlinga av søknaden. Kommunen kan etter søknad forlenge fristen for gjennomføring med eitt år, men ikkje ut over 5 år frå tilskotet vart innvilga.

Kommunen utbetaler tilskot etter anmodning om utbetaling når tiltaket er gjennomført. Dersom kostnadene til gjennomføring er lågare enn godkjent kostnadsoverslag, blir tilskotet redusert tilsvarende.

Det kan delutbetalast på bakgrunn av godkjent dokumentasjon når deler av tiltaket/prosjektet er gjennomført. Minst 25 % av tilskotet skal holdast tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttrekneskap er godkjent.